



## PROTOKOLL

<b>Utval:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtenr.:</b> 4-2010	<b>Møtedato:</b> 02. desember 2010	<b>Utvalssaksnr.:</b> 23/10 - 30/10
<b>Innkalla:</b> Hanne Lill Steen Kristian K. Kleppe Arild Børge Skjæveland Reidar B. Thu Sigrid Lærdal	<b>Forfall:</b> Hanne Lill Steen møtte ikkje		
<b>Andre:</b> Eirik Braut, Deloitte AS Ordfører Elfin Lea, Klepp kommune Rådmann Svein Tore Åtland, Klepp kommune Daglig leder Wencke S. Olsen, Rogaland kontrollutvalgssekretariat IS			

**Innkallinga vart godkjent utan merknader.**

### **23/10 Godkjenning av protokoll frå møte 020910**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

#### VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå møtet 02.09.2010.

### **24/10 Orientering om planlegging av rekneskapsrevisjonen 2010 - behandlast i lukka møte jfr. KL § 31, 3**

Eirik Braut frå Deloitte AS orienterte om revisors planlegging av rekneskapsrevisjonen i Klepp kommune for rekneskapsåret 2010.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

#### VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar presentasjonen av overorda revisjonsstrategi for 2010 til orientering.

**Møtet vart opna.**

**25/10 Utkast til prosjektmandat: Selskapskontroll i Brannvesenet i Sør-Rogaland IKS**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp bestiller selskapskontroll i Brannvesenet Sør-Rogaland IKS i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

**26/10 Utkast til prosjektmandat: Nord-Jæren Bompengeselskap AS**

Kontrollutvalet presiserte at det og vert sett nærare på dette punktet:

- *Hvor kostnadseffektivt drives selskapet, for eksempel i forhold til andre bompengeselskaper?*

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med denne endringa.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp bestiller selskapskontroll i Nord-Jæren Bompengeselskap AS i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre, med den endringa som kom fram i møtet.

**27/10 Møteplan for 2011**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet vedtar følgjande møteplan for 2011:

<b>MØTE</b>	<b>TIDSPUNKT</b>	<b>MERKNADER</b>
Torsdag 17.02.2011	Kl. 16.00	
Torsdag 14.04.2011	Kl. 16.00	<i>Kan bli endra</i>
Torsdag 16.06.2011	Kl. 16.00	
Torsdag 08.09.2011	Kl. 16.00	
Torsdag 24.11.2011	Kl.16.00	

**28/10      Kontrollutvalets årsplan for 2011**

Kontrollutvalet ba om at det i første kulepunkt på s. 3 vart presisert at bestillinga gjeld prosjekt for 2012.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med denne endringa.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp vedtar den framlagde årsplanen for 2011 med den endringa som kom fram i møtet.

Planen vert vidaresendt kommunestyret til orientering.

**29/10      Oversikt over status bestilte prosjekt og kontrollar pr. november 2010**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp tar oversikt over status prosjekt og kontrollar pr november 2010 til orientering.

**30/10      Sak vedr. Klepp kommunes handtering av mottatt brev i sak vedr. grunnavståing**

Rådmann og ordførar orienterte om saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp ber rådmannen om å orientera om rutinar/reaksjonar på det som kjem fram i mottatt brev til kontrollutvalet vedr. behandling av ekspropriasjonssak.

## **MELDINGAR**

12/10 Kontrollutvalgets innstillingsrett til kommunestyret  
13/10 Tilbakemelding på status pr. oktober frå rådmannen.

*Meldingssakene vart tatt til orientering*

## **EVENTUELT**

Ingen saker

## **Underskrifter:**

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Nestleiar av kontrollutvalet

Sekretær for kontrollutvalet